

Det er ikkje ofte du får e-post frå malo@arkivverket.no. [Les meir om kvifor dette er viktig.](#)

Til Bygland kommune

På grunn av at naboeigedomen min ligg ute for sal, har eg fått kjennskap til arealplanar i området ved Årdal kyrkje i Grendi. Eg har nokre kommentarar som eg vonar kan sendast til rette vedkomande. Sjå vedlegg.

Beste helsing Margit Løyland

.....
Margit Løyland

Tlf. +4792227455

tlf. +4791345627

e.post: malo@arkivverket.no

Grendi 4. sept.2023

Kommentarar til regulering og arealplan i Grendi

Like ved eigedomen min i Grendi, Hovstadvegen 5, gnr. 57, bnr. 9, ligg ein av naboeigedomane (gnr. 57, bnr. 20) no ute for sal. I samband med dette er eg gjort merksam på at kommunen ser positivt på planar om bustadhus (4-6 bustadeiningar) på eit lite, men dyrka område ved fjorden, på nedsida av riksvegen, like nord for Årdal kyrkje, jf. Strandsoneplan 2015, s. 51-52. Eg ser også av reguleringskartet, jf. kommuneplanens arealplan, at Bygland kommune har planlagt utviding av eksisterande kyrkjegard på dyrka mark på oversida av riksvegen mot aust. Eg vil gjerne kome med nokre kommentarar til desse planane, og håper kommunen kan sjå på arealplanlegging på nytt her.

For det fyrste meiner eg det er uheldig å planlegge bustadbygging tett på strandsona og lågt i terrenget. Eg har vakse opp på naboeigedomen og minnest godt frykta for vatnet som steig då vi måtte evakure heimen under ein flom på 60-talet. (Bilveg var uframkommeleg, vatnet fylte kjellaren og var like ved å stige opp til opphaldsroma i huset) Sjølv om det er gjort utbetringar av bekkefar og riksveg sidan den tid, tyder jo mykje på at både vertilhøve og klimaendringar forverrar seg og at til og med vasstanden i fjorden kan stige trass i reguleringstiltak. Det er både positivt og velkome med nye bustader i området, men bør dei ikkje ligge høgare i lendet og lenger frå både vatn og riksveg enn det som er stipulert her? Området like nord for kyrkja er lite og avgrensa av veg og vatn. Evt. nye bustadeiningar må naturleg nok plasserast svært nær riksvegen. Mitt forslag vil vere å plassere evt. nybygg nord for kyrkja høgare i terrenget og noko lenger unna riksvegen. Både fjordutsyn og sentral plassering i høve til bading, båtplassar, kyrkjebygg, transport og offentleg kommunikasjon vil ligge greitt til rette sjølv om nye bustadeiningar vert plassert t.d. på oversida av både riksveg 9 og den planlagte utvidinga av kyrkjegarden.

For det andre meiner eg at avkøyringa frå riksveg 9 til Hovstadvegen og Landeskogvegen og parkeringstilhøva ved Årdal kyrkje er for dårlege slik dei er i dag. Påkøyringa til riksvegen er like ved ein uoversikteleg bakketopp. I periodar med stor trafikk har bilar stått i kø for å kome inn på og ut frå riksvegen. Store køyretøy, tømmerbilar, turistbussar o.a. har også problem med den skarpe svingen i krysset Landeskogvegen - Hovstadvegen, dvs. rett etter avkjørsla. Det kan fort skape kø heilt ut på riksvegen. Det er også for få parkeringsplassar ved kyrkja. Delar av området nord om kyrkja, som i dag er avsett til bustadbygging, kunne med fordel dekke behovet for fleire biloppstillingsplassar. Slik det er no må folk parkere bilane sine i grøftkantar og inn i private tun ved td. gravferder, bryllup, 17. mai, jul og andre arrangement og høgtider. Vi har fleire gonger opplevd å bli stengd heilt inne i vårt eige tun. I sommarhalvåret blir parkeringsplassane ved kyrkja også ofte nytta av turgjengarar, badegjester, turistar (runestein, eidsvollsmann, lande-eik m.m.) og besøkjande på kyrkjegarden.

Sidan eigedomen Fjell, gnr. 57, bnr. 20, no ligg ute for sal, vil det vere eit godt høve for kommunen å tenkje nytt rundt planlagte bustader, parkering og vegtraseer like ved Årdal kyrkje i Grendi.

Mvh

Margit Løyland